

# Årsmelding 2016

## Forsand kommune



Naturgruppa i Forsand barnehage på jakt etter insekt

## INNHALD

Rådmannen sin kommentar	side 3
Organisering	side 4
Økonomisk status	side 5
Helse, miljø, sikkerhet, kvalitet	side 8
Fellestjenester	side 10
Forsand barnehage	side 16
Familie	side 18
Funksjonshemma	side 21
Kultur og fritid	side 23
Pleie og omsorg	side 25
Forsand skule	side 27
Plan og forvaltning	side 28
Eigedom, drift og investering	side 29

### **Vedlegg:**

Vedlegg 1: Hovudoversikten med rekneskapstal for 2016

Vedlegg 2: KOSTRA-oversikter

## RÅDMANNEN SIN KOMMENTAR

Rekneskapen for 2016 vert avlagt med eit overskot på kr 923 665. Resultatet føyer seg inn i rekkja av positive resultatata dei seinaste åra:

2013: Overskot på kr 67.000.

2014: Overskot på kr 115.000.

2015: Overskot på kr 730.000.

2016: Overskot på kr 924.000.

At Forsand kommune levera overskot år etter år er heilt i samsvar med budsjettmåla. Det har i kvart av åra blitt budsjettert med et positivt netto driftsresultat, altså et overskot som kan setjast av på fond for å styrke kommunen sin økonomi. Når det likevel er oppsiktsvekkande at Forsand kommune nok en gang leverer et positivt resultat heng det saman med at rammetilskotet frå staten gradvis har blitt redusert frå 2014.

Reduserte pensjonsutgifter og høg skatteinngang er medverkande årsak til overskotet i 2016. En tredje medverkande faktor er at resultantane frå innsparings- og omstillingsprosessane gir effekt. Frå 2013 til 2016 har det reelle kostnadsnivået i Forsand kommune blitt redusert med 5 %. Det svarer til en reduksjon på meir enn kr 7,0 mill. Det har vært en krevjande prosess å tilpasse aktivitetsnivået til dei nye reduserte rammene, men både administrasjonen og kommunestyret har hatt vilje og evne til å ta naudsynte grep.

Tidlegare år har det vært store avvik mellom disponerte midlar i økonomiplanen og rekneskapstalla innan investeringar. Det har vært et mål å få samsvar mellom budsjett og utførte prosjekt, noko som vi ser resultatet av i rekneskapen for 2016.


Om ikkje det økonomiske resultatet for Forsand kommune var av historisk karakter, så var kommunestyret sitt vedtak om samanslåing med Sandnes kommune det. Vedtaket gir betre økonomiske rammer for Forsand kommune fram mot samanslåinga 1. januar 2020. For det første blir det ingen reduksjon i basistilskotet som utgjer en stor del av rammetilskotet frå staten. For det andre vil det i perioden fram mot samanslåingstidspunktet være moglegheit for å ta ut dei effektiviseringsgevinstar som det er forventa at samanslåinga vil medføre.

I en kompleks organisasjon som en kommune vil det til en kvar tid være utfordringar knytta til delar av tenesteproduksjonen. Vi jobbar for stadig å bli betre i tenestane til innbyggjarane og vi aukar innsatsen på dei områdene kor det er spesielle utfordringar. Oppsummeringa er at 2016 generelt sett var et tilfredsstillande år både økonomisk og driftsmessig.


Søren Jensen  
Rådmann

# ORGANISERING

## Politisk organisering



## Administrativ organisering



## ØKONOMISK STATUS

### Generelt om verksemda – drift

Rekneskapen for 2016 vert avlagt med eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 923 665. Reduserte pensjonsutgifter og høg skatteinngang er medvirkande årsak til det. Det er brukt kr 9,6 mill. av premiefond og skatteinngangen var 11,1% høgare enn budsjettet. For heile landet var det auke i akkumulerte skatteinntekter på 9,81% samanlikna med desember 2015. Forsand kommune har ennå ein solid økonomi og leverer samla sett eit bra resultat.

Rammene til seksjonane var gitt med kr 143,159 mill., rekneskapen syner eit meirforbruk på kr 4 000. Avvika varierer frå 1,2 mill. i mindreforbruk i barnehagen til kr 1,46 mill. i meirforbruk på skulen. Dette er omtala meir under kvar seksjon.

Sjølv om det så og seia er avgjort at det blir kommunesamanslåing med Sandnes ser rådmannen det som naudsynt med framleis målretta fokus på innsparingar og omstillingstiltak. Dei siste åra har vore krevjande budsjettår, med utfordringar som har vore og som framleis er. Det er stor aktivitet i kommunen og ein må søkja optimal utnytting av både menneskelege og økonomiske ressursar. Det innber evne og vilje planleggjing, styring og samarbeid på tvers av seksjonar og kommunegrenser.

*Utvikling i rekneskapstal pr seksjon dei siste 5 åra, tal i kr 1000:*

	2012	2013	2014	2015	2016	Budsjett 2016	Avvik 2016
<b>Fellestener</b>	16051	17807	17555	18520	19263	18632	-631
<b>Kultur</b>	3654	5572	5839	5288	9221	10403	1182
<b>Helse/sos</b>	26734	27864	30412				
Familie				14416	15928	16778	850
Funksjonshemma				18035	18270	16944	-1326
<b>Barnehage</b>	9564	10196	10109	8122	8413	9656	1243
<b>Skule</b>	23696	23542	23976	20911	26515	25057	-1458
<b>PLO</b>	23487	24536	25033	23124	24829	24838	9
<b>Teknisk</b>	20386	23409	21948				
Plan/forvaltning				2952	2662	3475	853
Eigedom/drift				19080	18104	17376	-728
<b>Sum</b>	<b>123572</b>	<b>132927</b>	<b>134872</b>	<b>130449</b>	<b>142666</b>	<b>143159</b>	<b>-4</b>

### Øvrige resultatvurderingar

#### *Driftsinntektene*

Resultatet for 2016 syner at totale driftsinntekter er kr 15,0 mill. høgare enn budsjettet. Det er jamt over auke i alle postane utanom rammetilskotet. Det største avviket er på «overføringar med krav til motytelse» (refusjonar) kr 6,8 mill, og her er sjukelønnsrefusjon den største posten med ca kr 4 mill i avvik. Mva-kompen var budsjettet med kr 5,6 mill medan det vart motteke kr 5,9 mill. «Andre statlege tilskot» syner og ei meirinntekt på kr 3,6 mill i høve til budsjett. Skatteinngangen er også kr 4,3 mill høgare enn budsjettet. Naturressursskatten er i 2016 flytta frå «skatt på inntekt og formue» til «andre direkte og indirekte skattar» for å vera i samsvar med KOSTRA.

#### *Driftsutgiftene*

Totalt avvik i driftsutgiftene syner kr 10,8 mill i meirforbruk. Det er auke i lønnsutgiftene med kr 4,8 mill i forhold til budsjettet, men denne posten må sjåast i samanheng med

refusjonar for sjukelønn/permisjonar som er på inntektssida. Fastløna samsvarar godt med budsjettet medan avviket er i bruk av vikarar og ekstrahjelp. Sosiale utgifter (pensjon og arbeidsgjevaravgift) er under budsjettert nivå men det skuldast mellom anna tilbakeføring av pensjonsutgiftene i 2016. Kjøp av varer og tenester som inngår og erstattar tjenesteproduksjon er ikkje medrekna mva, denne kjem fram i posten for overføringar og utgjør kr 5,9 mill. Det må framleis vera fokus på budsjettdisiplinen for å unngå slike avvik for framtida. Fordelte utgifter er interne overføringar som er fordelt mellom seksjonane.

Brutto driftsresultat utan avskrivningar er på kr 8,1 mill i rekneskapen mot kr 3,4 mill i budsjettet.

#### *Finansresultatet*

I 2016 har ein hatt ei positiv utvikling innan finansmarkedet. Oljeprisen stabiliserte seg i siste del av året på eit høgare nivå. Noko som igjen førte til at arbeidsledigheten blei redusert. Kommunen har betydeleg midlar i norske bankar. Norske bankar har i samsvar med statlege retningsliner bygd opp ein vesentleg eigenkapital som vil vere ein god økonomisk buffer i framtida. Dette har igjen ført til kursauke i eigenkapitalfond/bankaksjer og på sikt større utbytte. T.d. har SR-Bank sine aksjer auka frå kr. 39,- til kr. 61,- i løpet av året.

Totalt har kommunen sin forvaltningskapital, auka frå 83. mill.kr. i 2015 til 107. mill.kr. i 2016, d.v.s. ca. 28%.

I 2017 forventer ein framleis positiv utvikling, men ein må vere budd på svingingar. Kommunen vil som tidlegare halde ei forsiktig line innan finansforvaltninga og følgje nøye med utviklinga.

Det er bokført tap ved realisering av 2 sal med kr 0,4 mill, desse er ikkje dekkja inn ved bruk av kursreguleringsfondet. Avdrag på lån er ført med kr 0,5 mill som ekstra ordinært avdrag.

#### *Netto driftsresultat*

Netto driftsresultat var budsjettert med 1,18% noko som er i underkant av anbefalinga frå Teknisk beregningsutval som anbefalar 1,75 %. Rekneskapen syner eit netto driftsresultat på kr 26,9 mill, noko som utgjør 13,54% av driftsinntektene på kr 199 mill. Ved korrigerings av urealisert gevinst på finansmarknaden med kr 21,3 mill vil netto driftsresultat vera 2,81%.

#### *Bruk av fond*

Det er avvik i bruk av bundne fond på ca kr 1,0 mill. Ved oppføringa av Vindøla kalkingsanlegg vart det etter avtale med Fylkesmannen brukt rest av kalkingsfondet som finansiering, kr 275 000. Dette kom i tillegg til tidlegare mottekne øyremerka tilskot til investeringar på kalkingsanlegget. Kalkingsfondet står som eit bunde driftsfond og må dermed overførast frå drift til investering. Det er og brukt ca kr 491 000 frå kalkingsfond som saldering av kalkingstenesten i drifta, og det vart innhenta ca kr 74 000 som var avsett til «feiefond» I tillegg er det brukt kr 250 000 til finansiering av investeringsrekneskapen frå kraftfondet i samsvar med budsjettet. Elles er det brukt fleire mindre tidlegare mottekne og avsette øyremerka midlar til bestemte formål.

#### *Avsetning til fond*

Det er avsett kr 21,3 mill i gevinst på urealiserte finansielle omløpsmidler til kursreguleringsfondet. Dette er korrigerings av markedsverdi og har ikkje likviditetseffekt. Motteke integreringstilskot er ikkje nytta fullt ut i 2016 og unytta midlar kr 3,0 mill er avsett til bruk i seinare år. Næringsavdelinga er saldert med avsetning til kraftfondet på kr 1,6 mill

mot budsjettert kr 1,1 mill. Det er og avsett mottekne tilskot på kr 400 000 til styrking av helsestasjonen og kr 100 000 til kulturminneplan og andre mindre tilskot.

### *Investeringsrekneskapen*

Investeringsrekneskapen er gjort opp med eit udekket beløp på kr 0. Det er godt samsvar mellom budsjetterte og utførte prosjekt i 2016, ca kr 31 mill totalt. Om lag halvparten av prosjekta er lånefinansiert, kr 15,8 mill. Det er motteke tilskot kr 6,7 mill til utleigebustadar. Mva-kompen i investering, kr 4,2 mill vert nytta fullt ut til finansiering av investeringsrekneskapen. Nye låneopptak i 2016 var kr 7 mill i startlån til vidare utlån og 2,5 mill til kjøp av fløy i kommunehus. Mottekne avdrag på startlån er nytta til å finansiera nye utlån. Sal av tomter kr 406 000 er avsett til kapitalfond. Utviding av kyrkjebygget vart ferdigstilt og overført til soknerådet med kr 9,1 mill.

### *Utlån*

Det er bokført kr 27,7 mill i utlån, eks sos utlån som utgjør ca kr 80 000. Det blei utbetalt 2 startlån i 2016 på til saman kr 3,2 mill. Utlån Bergebakkane er bokført med kr 5,7 mill av opprinneleg utlån på kr 10,0 mill. Det inkluderer fakturert avdrag i 2016 med kr 3 mill ihht avtale, men avdraget er ikkje innbetalt fullt ut.

### *Finansielle nøkkeltal fra [www.kostr.no](http://www.kostr.no)*

For meir informasjon syner ein til vedlegg med KOSTRA-oversikter og hovudoversikten med rekneskapstal for 2016, samt eiga sak om årsrekneskap for 2016

## HELSE, MILJØ, SIKKERHET, KVALITET (HMSK)

### Innleiing

Internkontroll og systematisk kvalitetsarbeid er sentralt for all kommunal verksemd. Tradisjonelt har arbeid retta mot/for tilsette vore kalla HMS og arbeid retta mot brukarar kalla kvalitetsarbeid. Måten å arbeide på er lik og det kan ofte vere vanskeleg å setje eit klart skilje mellom det eine og det andre. Eit døme på dette er dersom eit tenesteområde slit med eit dårleg arbeidsmiljø. Det er typisk eit HMS-tema. Det er likevel openbert at dette vil gå ut over kvaliteten på tenesteproduksjonen.

Kommunen har difor laga ei såkalla HMSK-handbok. Handboka er eit styringsdokument for alt kommunen gjer av tiltak innan internkontroll og kvalitetsutviklings-arbeid og understrekar at fokus på kvalitet og kvalitetsutvikling skal gjelde for alt kommunen driv på med. Dette er også eit gjennomgåande tema i kommunen sin arbeidsgjevarstrategi.

### Sjukefråver

#### Mål

Vi skal arbeide for å stabilisere sjukefråværet i kommunen på 5 %, jf handlingsplan for IA-arbeid og arbeide for at det arbeidsrelaterte fråværet er på eit minimum.

#### Resultat

	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Sum (%)	5,38	5,98	6,4	7,28	7,2	6,7	6,1	6,1	6,0	8,2	7,6

Fråveret for 2016 fordeler seg slik mellom seksjonar:

	Fråvær %
Fellestjenester (stabsfunksj.)	2,5
Kulturseksjonen	16,4
Funksjonshemma seksjon	6,8
Familieseksjonen	5
Barnehagen	9,1
Skulen	7,3
Pleie- og omsorgseksjonen	10,6
Teknisk drift og investering	5,2
Teknisk plan byggesak og jordbruk	4,9
Totalt fråvær 2016 (01.01-31.12)	7,6

### Sjukefråversoppfølging – IA-arbeid (Inkluderande Arbeidsliv)

Kommunen er godkjent som såkalla IA-verksemd og arbeider systematisk både for å førebygge at tilsette blir sjuke og med oppfølging av den enkelte tilsette ved sjukefråver.

#### Måloppnåing

Kommunen sin praksis innan IA-arbeid blir evaluert to gonger i året i lag med HTV/HVO. I all hovudsak er dagens praksis i samsvar med retningslinjene.

Fråveret i 2016 viser ein nedgang i høve til i fjor, men fråveret ligg framleis på eit høgare nivå samanlikna med tidlegare år. Utfordringar i arbeidsmiljø og konflikhtar er ei konstant utfordring både å førebygge og å handtere på ein god måte.

#### Utfordringar



Arbeidsgjevarstrategien har i 2016 i liten grad vore fokusert. Ein grunn til dette er at hovudtankane i strategien i stor grad blir praktisert rundt om i seksjonane. Det er ei utfordring å halde konstant trykk på IA-arbeidet med tilstrekkeleg opplæring av leiarar på alle nivå og godt samarbeid med bedriftshelsetenesta.

## Kvalitetsmeldingar

	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Skulen	9	19	23	42	65	49	48	75
Barnehagen	3	5	35	20	17	25	25	25
Helse- og Sos/Familie	3	9	20	18	36	15	2	11
Funksjonshemma							10	454
Kultur	1	0	1	1	4	4	1	5
Rådm.kontor/Fellestenester	6	17	21	18	11	3	5	24
Teknisk seksjon	0	2	11	5	18	12		
Eigedom, drift og invest.							13	16
Plan og forvaltning							1	2
PLO-seksjonen	68	72	234	602	265	434	1231	1492
<b>Sum kommunen</b>	<b>90</b>	<b>124</b>	<b>355</b>	<b>706</b>	<b>416</b>	<b>542</b>	<b>1331</b>	<b>2105</b>

### Måloppnåing

Kriteriet for å lage kvalitetsmelding er at den tilsette vurderer at det som har skjedd ikkje skulle ha skjedd. Poenget med dette er læring. Ved slike hendingar skal leiar vurdere om hendinga gir grunnlag for endra rutinar eller liknande med sikte på å redusere risikoen for det kan skje om att seinare. Ein vesentleg del av avvika i PLO-seksjonen knyter seg til medikamenthandtering/dokumentasjon på at medikamentet er gitt til brukaren, dvs signatur frå den tilsette. Dette har dei arbeidd systematisk for å rette på og talet på avvik er siste halvår vesentleg lågare enn første halvår.

### Utfordringar

I samsvar med arbeidsgjevarstrategien ønskjer me å bygge ein organisasjonskultur der me skal lære av eigen praksis – lærande organisasjon. Dette inneber mellom anna at me skal lære av feil. Utfordringa er å ha konstant trykk på dette i organisasjonen.

### Månadsrapportering

Seksjonane har tidlegare rapportert inn månadleg elektronisk til rådmannen aktivitet på ulike HMS-tema i tillegg til status når det gjeld restansar og økonomi. Denne tilbakemeldinga til rådmannen vert nå handtert ved jamnlege møte mellom organisasjonsjef og leiarane.

Utviklinga i restansar har dei siste åra vore slik:

Desember 2013:	450
Desember 2014:	855
Desember 2015:	95
Desember 2016:	67

### Måloppnåing

Det har vore eit klart mål å få talet på restansar redusert og utviklinga i 2016 viser positiv utvikling.

### Personskadar

Det er i 2016 registrert 2 personskadar på tilsette.

## FELLESTENESTAR

### *Servicetorget*

#### **Status økonomi**

Servicetorget hadde i 2016 opprinneleg ei ramme på kr 2.367.000. I denne låg ikkje eventuelle lønsjusteringar. Lønsauke/seniorløn gjorde at ramma vart utvida til kr 2.417.000. I løpet av året fekk vi i oppdrag å redusere utgiftene med kr 210.000.

Totalt sett har servicetorget eit mindreforbruk/avvik på kr 317.000 i høve til budsjett 2016. Avviket er hovudsakleg refusjon av lønsutgifter for tilsett som er politikar og som har jobba med flyktningar gjennom Ryfylke IKS. Innkjøpsavtalar gjer at utgifte til kontorrekvisita og leasing av maskinar er mindre enn budsjett.

#### **Nøkkeltal - Administrative ressursar**

Servicetorget har 3 heile stillingar samt ein 20 % personalressurs frå teknisk. Vi har i tillegg hatt ein skuleelev i praksisplass ein dag i veka for skuleåret 2015/2016. Frå våren 2016 vart 40 % av stillingsressursen nytta til arbeid med flyktningar i Ryfylke.

#### **Tenesteproduksjon**

##### *Turistinformasjon:*

Ramme, kr 240.000

Forbruk, kr 172.155

Tal besvarte mailar: 120

Tal turistar inne i turistinformasjonen registrert i perioden juli-august: ca. 2000

Høgast tal på same dag: 73

Turistsesongen 2016 opplevdes som svært vellykket for oss i turistinformasjonen. Vi hadde skuleungdommar og 1 fast sommarvikar. Me opplever at turistane finn fram til oss og er nøgde med informasjonen vi gjer. Frå vår side så opplever vi det som positivt å få høve til og drive meirsalg av området vårt med lokale turar, aktivitetstilbod og overnatting. Det er større etterspurnad av overnattingstilbod, enn kva dei kommersielle aktørane kan tilby. Det er ei lukka at fleire av dei lokale stillar hytter og rom i eige hus tilgjengeleg via nettsida AirBnB.

Nytt i 2016 er turistinformasjon på kaien i Lysebotn i samarbeid med Lysefjorden utvikling. For vår del ytterst i fjorden er det ei tryggleik å ha dei innst i fjorden som tek mot turistane og hjelp med informasjon om overnatting, transport og aktivitetar. Det er absolutt naudsynt med eit koordineringspunkt i Lysebotn. LU har og Henrik oppe på Øygaardstøl som driv turistinformasjon/parkeringa der oppe. Når det er ei turistinformasjon nede på kaien så får og Henrik sendt ned turistar der som treng utvida informasjon.

Å ha turistvertar i Lysebotn har og eit spekter når det kjem til sikkerhet. Det er dagar der det ikkje er forsvarleg og gå til Kjerag, og då får turistane informasjon slik at dei blir i området og kan ta turen dagen etter.

Båttilbudet på fjorden er det dei besøkande har mest spørsmål om, nest etter Preikestolen og Kjerag.

#### *Sommarjobb for skuleungdom mellom 16 og 17 år*

Budsjett, kr 450.000

Rekneskap, kr 413.000

Forsand kommune tilbyr sommarjobb for skuleungdom som er busett i Forsand frå det året dei fyller 16 år (ferdig med 10. klasse) til og med det året dei fyller 17 år. Føremålet med ordninga er m.a. å gje skuleungdom som er busett i Forsand, erfaring frå arbeidslivet med tanke på yrkesval og utdanning. skuleungdommen skal lære kva krav arbeidslivet stiller til arbeidstakarar og kva rettar og plikter dei har når dei er i arbeidslivet. Tilbode er 3 veker sommarjobb.

Lokale arbeidsgivarar kan ha skuleungdom i arbeid i 3 veker. Dei vil då få dekt 50 % av lønnskostnadane. Endringa for 2016 var at nå gjaldt ikkje tilbodet til 18 åringar.

I 2016 var det 29 skuleungdommar som søkte om sommarjobb. Alle fekk tilbod om sommarjobb, enten i kommunen eller lokale arbeidsgivarar. I kommunen er det barnehagen, teknisk, kjøkkenet ved Forsandheimen og turistinformasjonen som tek i mot skuleungdommar og gir tilbod om sommarjobb. Utfordringa er å gi skuleungdommane den arbeidsplassen dei har prioritert i sin søknad og dei vekene dei ynskjer å jobba. Her gjer me så godt me kan for å innfri ynskja deira.

#### **HMS**

Det er gjennomført vernerunder og medarbeidersamtaler. Servicetorget hadde ingen sjukemeldinger i 2016.

#### ***Politisk sekretariat***

#### **Status økonomi**

Det var avsett kr 3.428.000 i budsjettet for 2016 til folkevalde. Rekneskapet viser kr 3.474.000 – eit overforbruk på 46.000.

#### **Oversikt politiske saker (tal for 2015 i parentes):**

Kommunestyre 127 ( 113)

Formannskap 51 (55)

Fondsstyre 27 (29)

Driftsutval 40 (43)

Administrasjonsutval 25 (20)

Klagenemnd 1 (1)

#### *Ekstraordinært kommunestyremøte 7. september 2016*

Kommunestyret behandla sak Kommunereforma i møte og vedtok med 9 røyster følgjande vedtak:

Forsand kommune søker samanslåing med Sandnes kommune med verknad frå 1. januar 2020

## Tiltakspris

Tiltaksprisen for 2016 blei tildelt Arnhild Erevik og Egil Byberg.

## Kultur- og miljøpris Ausekaret

Ausekaret 2016 blei tildelt Kåre Hagelin

## Interpellasjonar

Interpellasjon frå Ap – 5 dagars skuleveke for småskulen

Interpellasjon frå Samlingslista – auka kapasitet ved ferjesambandet Lauvik – Oanes

Interpellasjon frå Bygdalista– løyving av midler til ansettelse/bruk av konsulent for tilrettelegging av fortsatt ferjedrift Oanes – Lauvik

Interpellasjon frå Krf og Sp – AV og TIL Kommune

## Orientering kommunestyret

- Kulturskulen v/ Anders Berglund
- Skulen – skulefaglegansvarleg Ragnvald Riis
- Reisemål Ryfylke
- Rogaland Bondelag v/Ola Andreas Byrkjedal
- Prosjekt Forsand skule v/skulefaglegansvarleg Ragnvald Riis

## Komite

Kommunestyret oppretta komite for revidering av delegasjonsreglementet i februar 2016 – komiteen la fram sak i kommunestyremøte i juni.

Kommunestyret oppretta komite for utarbeiding av plan på skuleområdet i desember 2016 .

## Personalkontoret

### Status 2016

Personalressursar på personalkontoret: pr 31.12.16 er 80 % stilling som personalrådgivar. Det overordna ansvar for personalarbeidet er lagt til organisasjonssjef.

Rekneskap 2015 viser eit underskudd på kr 218 000. Dette skuldast overforbruk av felles opplæringsmidler (leiarutvikling). Fordelte utgifter kulturhus er belasta fastlønn med kr 150 000, men det er budsjettert med disse midlene på ein annan art.

### Fast tilsette og vikarar Forsand kommune 2016 (unntatt undervisningspersonell/lærarar)

	Antall ansatte	Antall årsverk	Gj.snitt stillingsprosent	Gj.snitt årslønn pr årsverk
Menn faste still.	30	23,39	77,98	534 910
Menn vikarar	5	1,39	27,88	284 881
Kvinner faste still.	137	95,95	70,03	439 745
Kvinner vikarar	33	11,03	33,43	407 096

Totalt Faste stillingar	167	119,34	71,46	458 407
Totalt vikarar	38	12,43	32,70	393 384
<i>Sum faste stillingar og vikarar</i>	<i>205</i>	<i>131,77</i>		

#### *Fast tilsette og vikarar undervisningspersonell 2016*

	Antall ansatte	Antall årsverk	Gj.snitt stillingsprosent	Gj.snitt årslønn pr årsverk
Menn faste still.	10	8,08	80,79	517 355
Menn vikarar	1	0,66	32,75	495 900
Kvinner faste still.	15	11,47	76,43	541 346
Kvinner vikarar	3	1,26	42,03	484 224
Totalt Faste stillingar	25	19,54	78,18	541 346
Totalt vikarar	4	1,92	38,32	488 216
<i>Sum faste stillingar og vikarar</i>	<i>29</i>	<i>21,46</i>		

#### *Lønnsutvikling kvinner og menn siste 4 år (unntatt lærarar):*

Gj. snittlønn ut frå 100 % stilling	2012	2013	2014	2015	2016
Gjennomsnittlønn menn	503 576	509 606	511 447	518 879	534 910
Gjennomsnittlønn kvinner	398 094	418 578	428 790	433 997	439 754
Differanse:	105 482	91 028	82 657	84 882	95 156

Lønnsgapet mellom menn og kvinner har auka siste 4 år frå 91 028,- til 95 156, men viser ei nedgang frå 2012. For undervisningspesonell er lønnsgapet mellom menn og kvinner på kr 23 991,- i favor av kvinner.

## **Økonomiavdelinga**

### **Status økonomi**

Kr 1000	Rekneskap	Budsjett	Avvik
2016	2 465	2730	265
2015	2 588	2 932	344

Kontoret hadde i 2016 3 heile stillingar fordelt på 4 personar. Me produserer rekneskap og budsjett som optimale styringsverktøy for politiske og administrative beslutningar. Dette inkluderer også lønn og refusjonar.

Det var 1 tilsett i foreldrepermisjon i 2016. Stillinga var vakant i delar av året og det er hovudårsak til avviket mellom budsjett og regnskap i 2016. Ellers er kompetansen heva i form av gjennomført studie i grunnleggjande kommuneregnskap og deltaking i leiarutviklingsprogram frå Goalgetter. Kontoret er og rekneskapsfører for Forsand sokneråd.

### **Resultater**

Skatteoppkrevjarfunksjonen vart frå 01.01.16 kjøpt av kemnaren i Stavanger, innkrevingsresultatet for 2016 syner at det er variasjon frå 96,4 % til 100 %, noko som er tilsvarande året før.

Arbeidsgjevarkontrollen vert ivareteken av den interkommunale kontrollordninga SOMRAK som vert utført ved Stavanger kemnerkontor. Minstekrav til kontroll er 5% av arbeidsgjevarane i kommunen og det vart oppfylt i 2016. Det vart ikkje avdekka vesentlege avvik.

Oversikten som følgjer syner ei god utvikling når det gjeld å få faktura over i elektronisk format men me har framleis fokus på å auke andelen elektroniske faktura. Utgåande faktura er for det meste e-faktura og bare svært få er i papir. Alle lønnsmeldingar i 2016 vart sendt elektronisk.

### Sentrale nøkkeltal

Inng faktura papir		Inng faktura EHF		Utgåande faktura		Lønnsmeldingar	
2015	2016	2015	2016	2015	2016	2015	2016
3967	2581	1462	2648	3486	3863	518	530

### Status HMS

Sjukefråver er tilnærma lik 0, det er ingen legemeldte fråver og berre svært få eigenmeldingar. Det er godt tilrettelagt fysiske arbeidstilhøve for tilsette i heile stillingar, med hev/senk pultar som forbyggjande tiltak.

### Kraftfondet og næringsliv

#### Grunnkapital

Grunnkapitalen var ved utgangen av 2016 på om lag 20 mill. Dette er ei styrking i løpet av året med 1,6 mill. Med dette kan me slå fast at grunnkapitalen har kome opp på det nivået fondsstyret har hatt som målsetting.

#### Drift

Driftsbudsjettet for kapittel Næring hadde ei ramme i 2016 på 9,9 mill. Rekneskap for 2016 viser eit underforbruk på 1,6 mill, som igjen er tilbakeført til grunnkapitalen.

#### Mål

Følgjande målsettingar låg til grunn:

- Fortsatt styrking av grunnkapitalen
- Betre internkontroll/oversikt – grunnlag for administrativ oppfølging
- Betre rapportering om bruken av fondet til politisk nivå
- Fokus på informasjons- og marknadsføringsarbeidet
- Arbeid med næringsutvikling

#### Resultatvurdering

Følgjande resultat er oppnådd:

- Grunnkapitalen har kome opp på ønska nivå
- Internkontrollen er vesentleg forbetra med løpande oversikt på fondet sine forpliktingar
- Rapporteringa til politisk nivå er forbetra
- Turistinfo på kommunehuset blir godt mottatt frå besøkjande turistar
- Det blei oppretta turistinfo i Lysebotn - ein filial under turistkontoret på kommunehuset
- Me registrerer at landbruksnæringa er aktive i forhold til å styrke infrastrukturen på bruka
- Det vart starta opp fleire enkeltpersonforetak – gledeleg å registrera at mange av dei er unge
- Me har ikkje vore gode nok på nyetableringar

## Utfordringar

Utfordringane framover blir m.a.:

- Sterkare innsats med sikte på nyetablering av bedrifter
- Avklare rammevilkåra for lokal sand- og betongindustri via kommuneplanarbeidet
- Generell oppfølging av arbeidet med revisjon av samfunnsdelen av kommuneplanen

## Felles IT

### Status økonomi

(i kr 1000)	Rekneskap 2015	Budsjett 2016	Rekneskap 2016
Drift	3.823	4.049	4.540
Investeringar	1.253	1.450	755

Lønsmidlar var ikkje ein del av tala for 2015, og heller ikkje budsjettet for i 2016, men blei likevel tatt inn, og er ein del av rekneskapen for for 2016. Lønsmidlar har tidlegare vært belasta anna budsjett. Grunna omlegging internt i SIT er og alle lisensar til fagsystem ein del av tala for 2016. Dei aleine utgjer 788.000. Ekstraordinær innsparing på 250.000 blei tatt av budsjettet for 2016, ellers hadde avviket vært halvert.

Drift av infrastruktur og servarpark er ein del av ordinær drift, og blir dekkja over driftsbudsjett. Oppgradering av system, og auka bruk av ekstern brukarstøtte frå leverandør, samt vedlikehald fagsystem for økonomi og sak/arkiv er og medvirkande for auka kostnad.

### Resultat

Det er i 2016 utført utvidingar og utbetringar for trådløs dekning for kommunale bygg, både for tilsette og publikum, som lenge har vært utsett. Det er og lagt betre til rette også for kabla nett, til glede for tilsette, men og i samband med bruk av kommunale bygg ved tilstelningar, mellom anna brukt i samband med LAN for ungdommar.

I samband med utfallet av kommunereformen må ein framover strebe etter auka grad av homogenisering av fagsystem og programvare – med fokus på einsretting der det er mogleg.

Skyløysinga OneDrive er tatt i bruk, og mange av dei tilsette er over på Windows 10.

### Felles innkjøp

Arbeidet med å strukturere og samle rammeavtalar, både sentralt og seksjonsvis har fortsatt i 2016. Fleire nye avtalar er komen på plass i løpet av året.

Offentlege anskaffingar var eit fokusområde i 2016, og vil fortsatt være det i 2017.

Arbeidet med offentlege anskaffingar fører med seg utgifter i samband med dekking prosesskostnad. Ein modell for dekking av slike kostnader for dei einskilte avtaleområda må innføres, også for dei tilfelle der kostnadene ikkje kan førast på eit prosjektet eller sjølve anskaffinga.

# FORSAND BARNEHAGE

## Visjon: Vi gjer kvarandre gode

### Høgdepunkt:

Barnehagedagen mars 2016, med tema «Fortell». Barnehagen arrangerte foreldrekafe med utstilling av pedagogisk dokumentasjon knytta til arbeid med språk i barnehagen

### Status økonomi

Regnskap	Budsjett	Avvik
8.413	9.656	1.243

Forklaring til avvik: Barnehagen hadde to vakante stillingar delar av året, pga reduksjon i barnetalet frå hausten 2016, noko som utgjer om lag kr 660.000. Vidare hadde barnehagen redusert bruk av vikar, noko som førte til om lag kr 200.000 i reduserte vikarutgifter. I tillegg fekk barnehagen statstilskot på om lag kr 400.000 for barn av flyktningar, noko som ikkje var tatt med i budsjettet for 2016.

### Status tenesteproduksjon:

Hausten 2016 avslutta barnehagen samarbeidet med Hilde Madland gjennom 10 år.

Barnehagen har gått på besøk til garden 2 dagar i veka i desse åra, og natur og gardsliv har vore ein del av barnehagen si satsing. Når dette samarbeidet tok slutt endra barnehagen satsinga til språk og danning.

Barnehagen har over fleire år utvikla ein struktur og ei organisering av kvardagen og veka, som ser ut til å fungere godt. Fast struktur på dagen gir barna tryggleik og oversikt. Grupper på basane, samt aldersinndelte grupper på tvers av basane, sikrar at alle barna får tett oppfølging av vaksne. Barna får tilrettelagte aktivitetar etter sine behov og interesser. Barnehagen har sidan 2014 hatt førskulegruppe 2 dagar i veka.

Danning er ei vidareføring frå prosjektet «være saman» som barnehagen har vore med på sidan 2014. Vi har fokus på sosial kompetanse og arbeider saman med føresette for å gje barna sosiale ferdigheiter, og for å skape gode sosiale miljø i barnegruppene. Forebygging av utestenging og mobbing er viktig arbeid i denne samanhengen

Språk som satsingsområde. I 2016 var om lag 16 % av barna framandspråklege. Med framandspråklege barn meiner ein at begge foreldra har eit anna morsmål enn dei nordiske språka. Barnehagen har språkutvikling som eit av to satsingsområder. Det er sett i gang tiltak både for heile barnegruppa si språkutvikling generelt, og eigne tiltak for framandspråklege barn. Dei framandspråklege barna som er frå 3 år og oppover får systematisk oppfølging i små grupper.

Heile personalgruppa gjennomførte kompetanseutviklingsprogrammet «Språkløyper», som er utvikla av utdanningsdirektoratet.

Foreldresamarbeid. Barnehagen ønskjer eit godt samarbeid med føresette. Gjennom dei daglege møta med føresette, i foreldresamtalar og foreldremøter, ønskjer vi å utveksle informasjon om barna sin kvardag, og utvikling. Foreldresamarbeid var satsingsområde både i 2015 og 2016.

Ståstedsanalyse: Barnehagen gjennomførte våren 2016, Utdanningsdirektoratet sin ståstedsanalyse. Her evaluerte personalet det pedagogiske arbeidet på ulike områder i barnehagen. På bakgrunn av denne analysen, og saman med brukarundersøking og medarbeiderundersøkinga som vert utført 2015, utarbeidde barnehagen ein strategiplan.

### Nøkkeltal (i høve til plan for folkehelse)



### *Pedagogiske leiarar med godkjent barnehagelærarutdanning*

	Pedagogisk leiarar med godkjent utdanning	Fagarbeidarar /assistentar	Anna personal
2016/2017	6,2 stillingar	8,7 stillingar	2,1 stilling

### *Andel barn 1-5 år med barnehageplass i 2016.*

Fødselsår	Antall barn i kommunen	Antall barn i barnehagen
2011	25	25
2012	15	15
2013	17	17
2014	9	6
2015	17	5

100% barnehagedekning for barn frå 3-6 år. For dei minste er 42% i barnehagen. Mogleg årsak til låg andel av 1-2åringane kan vere auka kontantstøtte, og at ein del av 1-åringane er fødte seint på året.

### *Framandspråklege barn i barnehagen av 1. generasjonsforeldre i 2016*

	Barn under 3 år	Barn over 3 år	Totalt
2016	3	8	11

### *Statistikk av barnehagedekninga dei siste åra:*

	Barn under 3 år	Barn over 3 år	Totalt
2013	22	54	76
2014	18	61	79
2015	18	54	72
2016	11	56	67

Det var 67 barn som hadde plass i desember 2016. Alle som søkte barnehageplass i løpet av året fekk tilbod, då det var ledige plasser gjennom heile året. Barnehagen hadde nokre få ledige plasser ut frå talet på tilsette, som er ein vaksen per 3 barn under 3 år, og ein vaksen per 6 barn over 3 år.

### **Utfordringar for 2017**

Barnehagen opplever at det framleis er nedgang i talet på barn. 1. mars 2017 var fristen for hovudopptaket for barnehageåret 2015-2016. Det er 10 barn som har søkt barnehageplass frå august 2017. 25 barn starter på skulen til hausten. Barnehagen ser dermed ut til å få ein reduksjon i talet på barn frå hausten 2017. Då barnehagen har fleire tilsette som går over til pensjon, blir det ikkje overtalige blant personalet. Det er assistentar/fagarbeidarar som sluttar, og andelen pedagogar vil derfor auke til bortimot 50%, slik som målsettinga har vore. Omstilling 2016, som førte til endra økonomiske rammer, vil i hovudsak føre til at det er lågare bemanning, og fleire barn per vaksen. Pedagogane har 4 timar ubunden arbeidstid som det før vart kompensert for. Dette, saman med endra bemanningsnorm, gir ferre vaksne saman med barna. Høg kompetanse, godt arbeidsmiljø, og gode rutinar og struktur, er tiltak barnehagen legg vekt på for å halde oppe kvaliteten i barnehagen trass i reduserte økonomiske rammer.

## FAMILIE

### Status økonomi

I sum kom seksjonen ut med om lag 0,85 mill. i underforbruk som fordeler seg slik på avdelingane:

- Stab, fysioterapi og legevakt: Underforbruk på kr 624.000.
- Barneverntenesta: Overforbruk på om lag 159.000.
- Sosialtenesta/NAV: Underforbruk i sum på 204.000.
- Psykisk helsearbeid: Underforbruk på 79.000.
- Førbyggjande teneste: I balanse
- Legetenesta: Underforbruk på 100.000

### Stab, fysioterapi og legevakt:

*Grunnar til budsjettavvik:*

Stabsbudsjettet har eit stort underforbruk – 756.000 – pga vakant stilling som seksjonsleiar. Fysioterapi har eit underforbruk - 52.000 – pga mindre utbetalt driftstilskot og ubrukte midlar til utstyr.

Legevakttenesta har eit overforbruk på 184.000.

Forklaring: Budsjettet for legevakttenesta er ikkje justert etter at kommunen inngjekk ny avtale med Sandnes kommune med verknad frå 01.04.

Kostnadane til legevakttenesta har blitt høgare enn forventa av følgjande grunnar.

1. Etterbetaling til Strand kommune pga av for lite innbetalt i 2015.
2. Kostnadane til Strand kommune for perioden 01.01. tom 15.04. er noko høgare enn forventa
3. Kostnadane til beredskapsvakt er om lag som planlagt.
4. Ein føresetnad ved planlegging av ny legevaktavtale med Sandnes var at den nye avtalen skulle medføre auka inntekter til legekantoret. Grunnen til dette er at ny avtale skulle medføre at lege ikkje trengte å ha fri dagen etter legevakt. Desse inntektene har ikkje auka så mykje som planlagt. Viser her til status for legekantoret.

*Nøkkeltal:*

### Fysioterapi:

Aldersfordeling					Sum pasientar
0-12	13-18	19-39	40-67	68-99	
7	33	13	29	37	119

### Legevakta:

Sum henvendelsar til legevakta i 2016: 132. Det er ikkje oppgitt kor mange av desse som vart vidareformidla til beredskapslegen. Dette vil det kome betre dokumentasjon på frå 2017. Pr november 2016 var talet 114 og av dei vart 48 vidareformidla til vår beredskapslege. 6 av av henvendelsane var i kategori Raud.

### Barneverntenesta

*Grunn til budsjettavvik:*

Nye plasseringar av fosterbarn

*Resultat – utfordringar.*

Kostnadsnivået pr 31.12. ligg over budsjett for 2017. 2016 har vore prega av stor arbeidsbelastning i kombinasjon med sjukefråver og hjelp til nyttilsett. Tenesta er i rute når det gjeld oppfølging av meldingar og oppstart av undersøkingssaker. Det har vore avvik på fristar for gjennomføring av undersøkingssaker på grunn av sjukefråver. Slit med å fylle krava til dokumentasjon fullt ut. Tenesta har likevel stor tilgjengelighet.

*Nøkkeltal:*

	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Meldingar	19	23	30	20	18	18
Undersøkingssaker	14	21	23	16	15	11
Barn med hjelpetiltak	27	23	15	12	10	8
Ungdom med ettervern			1	2	2	4
Fosterheimsplasseringar	10	10	9	10	10	10
Tilsynssaker	8	7	5	11	8	9

Årsverk med fagutdanning pr. 1000 innbyggere: 1,5 årsverk  
 Antall akutt plasserte barn: 2

**Psykisk helsearbeid:**

*Status*

Har vore ein fagperson sidan mai pga av langtids sjukefråver. Konsekvensar: Lengre ventetid – om lag 2 veker. Fagleg meir krevjande å vere aleine fagperson.

*Nøkkeltall*

Brukartal	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Brukarar totalt	24	27	31	34	31	19
Nye innskrivingar	15	11	18	9	10	11
Utskrivingar	15	8	10	15	11	8

*Status folkehelse:*

Nye brukarar får tidlegare hjelp og unngår å bli kronikarar. Utviklinga når det gjeld nye henvendelsar er nedadgåande. Når det gjeld barn og unge synest trenden å vere aukande. Samarbeider her ein del med skulehelsetenesta.

**Legkontoret**

*Status økonomi*

Grunnar for budsjettavvik:

Budsjetterte kostnader til legevikar vart ikkje nytta. Noko auka inntening, men mindre enn forventa, jf status legevakt og utfordringar (under). Noko redusert drift grunna ombygging/flytting.

*Utfordringar:*

Kontoret flytta våren 2016 inn i nye lokale som avdelinga er svært nøgd med. Manglande seksjonsleiar har medført at fleire administrative oppgåver har blitt løyst frå kontoret enn før. Kontoret har slite med IKT-utfordringar og tilgjengelighet pr telefon. Telefonsystemet er lite oppdatert i høve til dagens krav. Dokumentasjonssystemet fungerer ikkje tilfredsstillande.

### Nøkkeltal:

Konsultasjonar	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Registrerte pasientkontaktar	8735	8821	10405	10160	10621	8721
Emelding/korrespondanse			3463	4323	4298	6447
Tal på listepasientar			1212	1343	1358	1358

Bruk av ØHD-plasser: 6 pasientar med tilsaman 12 liggedøgn

## NAV

### Status økonomi

Grunnar for budsjettavvik:

Feilbudsjettering. Færre mottakarar av økonomisk sosial stønad enn forventa.

Større kostnader til bustønad enn planlagt.

### Nøkkeltal

Klienttal	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Økonomisk stønad	22	11	20		26	23	26
Kvalifiseringsprogram				2	2	1	1

### Status – utfordringar

Flyktningegruppa inneber auka kostnader til bustønad og tidkrevjande oppfølging.

Unge brukarar (under 25 år) er og har vore eit satsingsområde i fleire år. Pr i dag er det ingen i kommunen i denne gruppa som ikkje er/har vore i tiltak.

### Status folkehelse:

Arbeidsledighet: 3 %

Drop outs i videregående skole: Ingen fråfall etter opptaket hausten 2016.

Rus: Ingen registrerte.

## Førebyggjande teneste/helsestasjon/jordmorteneste

### Nøkkeltal

	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Fødslar	15	15	10	16	6	14	9

### Status – utfordringar

Jordmorstillinga er framleis ledig. Tenesta er førebels løyst ved kjøp av tenester. Det er håp om snarleg avklaring og ha jordmor på plass før hausten 2017.

Ein stor del av tilflytta barn har hatt behov for oppfølging utover normalprogrammet på helsestasjonen. Det er stor pågang for individuelle samtalar i skulehelsetenesta, og mange har behov for vidare oppfølging både av helsesøster, fastlege og/eller spesialisthelsetjenesta.

### Status folkehelse

Veging for 3. og 8. klasse.

Resultatet viser at det er helseutfordringar på grunn av overvekt/undervekt i desse kulla som ligg over landsgjennomsnittet.

### Oppvekstutfordringar

Den største utfordringa er å styrke barn og unge sitt sjølvbilde slik at dei har eit godt liv og klarer å unngå rus og kriminalitet, og forebygge at dei opplever mobbing, vald og overgrep i oppveksten. Vi har fremdeles ein veg å gå her. Seksjonane kan bygge ei felles fagleg plattform basert på byggjande og førebyggjande tiltak for å sikre ein god oppvekst. Ungdata er gjennomført i 2016.

## **FUNKSJONHEMMA**

### **Visjon: eit aktivt og verdig liv**

Seksjonen inneheld: Brønnabakka bu og avlastningsteneste, brukarstyrt personlig assistent, eldre og funksjonshemma, aktivisering og støttetjenester, hjelp til heimebuande, samt arbeidsretta tiltak i kommunal regi.

### **STATUS ØKONOMI**

Regnskap	Budsjett	Avvik
18.270	16.944	- 1326

Seksjonen hadde eit meirforbruk i lønnsutgifter, på grunn av auke i antall ressurskrevjande brukara og fleire tilsette. Seksjonen har fleire ressurskrevjande brukarar som kommer rett under innslagspunktet for refusjon frå Helsedirektoratet. Som nøkkeltall under vise har ingen personar i 2016 mottatt omsorgslønn. Seksjonen har færre brukarar som mottok støttekontakt/fritidskontakt.

## **RESULTATA**

Høgdepunkt er gode tilbakemeldingar frå brukara og pårørande. Seksjonen mottar hyggelege telefonar, mail og SMS, noko som motiverer tilsette til vidare arbeid. Avdelinga har fantastiske tilsette som er trygge i sin rolle og som gir alt for å gi brukarar ein best mogleg kvardag.

Seksjonen fekk tilskott på kr 210.000 frå Fylkesmannen. Tilskott skal stimulera brukarstyrte personlege assistentar til kompetanse utvikling og innovasjon. For å møte framtidens utfordringar på helse og sosial feltet. Seksjonen er svært takksam for tilskottet. Dette inneber at brukarar med tenesta blir inviterte med på kurs.

Hausten 2016 fekk Brønnabakka ein leasing bil, noko som gjorde at alle brukarane kan få reise på aktivitetar. Barna er stolte og takknemlege for bilen!
